

Indre Hafslo Bygdslag

Indre Hafslo Ungdomslag

Årsmøte 2014

MØTEREFERAT

Møtestad: Ljosvang ungdomshus

Møtetid: 04. februar 2015

Desse var tilstades:

- Håvard Vinda
- Olav Ugulen
- Roger Nesheim
- Gro Anita Engen
- Mette Østerbø
- Nina Høgi
- Stine Sønnesyn
- Morten Listou

Forfall: Torvald Moen

Personar utanom styret som var tilstades:

Leon Lunde, Asbjørn Vinda, Ivar Birger Kjørskog Larsen, Kai-Idar Morken, Per Tore Molland
Cecilie Frantzen Skjerven og Mirjam Tverberg

Håvard Vinda er ordstyrar. Mirjam Tverberg og Cecilie Frantzen Skjerven er valgt til å signera årsmøteprotokollen.

Gro Anita Engen er skrivar.

Sak 1 Årsmøtemelding

Godkjent av årsmøtedeltakarar.

Sak 2 Rekneskap 2012

Godkjent av årsmøtedeltakarar. Rekneskap er kontrollert og godkjent av revisorar Johannes Josvanger og Kjell Oddvar Teigen. Laget har i år hatt ein omsetning på 190 000 kr.

Sak 3 Styret for 2015

I år var det tre på val: Stine Sønnesyn, Nina Høgi og Gro Anita Engen. Nina Høgi og Gro Anita Engen går ut av styret. For dei kjem Cecilie Frantzen Skjerven og Mirjam Tverberg inn.

Leiar –Morten Listou, valt som leiar i eit år.

I den nye valnemda sit Nina Høgi og Gro Anita Engen

Sak 4 Revisor

Kjell Oddvar Teigen og Johannes Josvanger er spurde på nytt, og tek jobben også til neste år.

Sak 5 Innkomne saker

Stiprosjekt: Håvard ytra ynskje om at dette prosjektet vart sett i gang dette året. Ynskjeleg at det blir danne ei prosjektgruppe som kan jobbe med dette.

Kunstgrasbane: Ein prøver å få til eit samarbeid med idrettslaget om å lage er 7ar-bane i kunstgras.

Folkeakademiet: Me er blitt medlem av folkeakademiet. Dette kostar 450,- kr i året, men da gjev dei oss støtte på ulike arrangement. F. eks. dekka dei kostnadane til solistane pluss huseleiga på konserten som me arrangerte saman med

spelemannslaget. Det er planlagt to konsertar saman med dei i år; ein med « To purker og ein gris» og ein med Indre Hafslo Spelemannslag.

Utleige av huset: Prøve å få leigd ut meir til private arrangement no når salen opp og får ein oppussing. Gode inntekter for laget.

Farge på veggane i salen: Dei frammøtte fekk komme med forslag til farge i salen oppe. Det vart bestemt å gå for lyse grå veggjar og glaskarmar i same kvitfarge som taket.


Sak 6 Anna

Ynskjeleg med nytt golvbelegg i gangane oppe da det øydelegg for første inntrykket når ein kjem inn. Må sjekke prisar/ alternativ.


Må og vurder å skifte ut ytterdørane. Asbjørn seier det ikkje går an å reparere desse fleire gonger.

Kva kan gjerast med toaletta for at dei skal sjå litt betre ut. For dyrt og omfattande å starte med heilrenovering der no.

Byggje tak over varmepumpe og dør nede i kjellaren.



Kjetil Overby



Cecilie Fløyen

Sekretær

*Gro Anita
Engen*